



Arkivsaknr: 2024/11587-1
Sakshandsamar: Eirik Bouwer Utne
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Høyring samlingssentrum - nytt fellesmagasin

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for næring, kultur og idrett	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner høringssvar til Samlingssentrum – nytt fellesmagasin

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for næring, kultur og idrett.

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Fellesmagasin er omtalt i regional plan for kultur for Vestland fylke 2023–2035, *Kultur bygger samfunn*. I planen vert det peikt på at det i Vestland er *særlege behov og utfordringar knytt til bevaringstenester, fellesmagasin og til restaurering og vedlikehald av den store bygningsarven (s 30)*. Fylkeskommunen skal *Bidra til etablering av fellesmagasin og samlingssentrum for musea (Kultur bygger samfunn. Handlingsprogram 2023–2026, s 5)*. Tiltaket skal forankrast hos musea, kommunane og ein skal helde Kultur- og likestillingsdepartementet orientert (*Kultur bygger samfunn. Årsplan 2024*).

Alver kommune sin kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035, *Kultur som drivkraft*, omtalar fellesmagasin: *Nordhordland manglar magasin, og kulturhistoriske gjenstandar har ein svært sårbar situasjon. I planperioden skal me løysa utfordringane i samarbeid med fylket og Museumssenteret(...) (s. 29)*.

Sakshistorikk Vestland fylke

I 2019 utarbeidde ein rapporten *Fullt hus*, som ei utgreiing av nytt fellesmagasin for musea i Hordaland.

I 2021 gjorde fylkestinget i Vestland vedtak om ulike modellar for eigarskap til eit nytt fellesmagasin (FT 124/2021), som vart følgd opp av tilleggsutgreiinga *Samlingssentrum Vestland – frå fellesmagasin til heilskapleg samlingsforvaltning*. Her vert fellesmagasin kopla til mål om heilskapleg samlingsforvaltning, som oppnår fleire mål enn magasinering og bevaring.

I 2022 tok fylkestinget utgreiinga til vitande og ønskte ei eiga sak om eigarskap og byggherreansvar for tiltaket (FT 108/2022).

I juni 2024 gjorde hovudutval for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylke vedtak *Med bakgrunn i tidlegare vedtak i fylkestinget og framlagde utgreiingar av funksjonsbehov, byggekonsept og kostnadsbilete for nytt fellesmagasin for musea i Hordaland ber hovudutvalet om at sak vert sendt på høyring til aktuelle samarbeidspartar. Dette skal vere til hjelp for å få på plass organiseringa av eigarskap, byggherreansvar og finansiering* (PS-2024/78).

Om høyringa

Høyringa er oppfølging av fylkeskommunen sitt vedtak i juni 2024, og spør etter høyringspartane sitt syn på følgjande:

Kven meiner de skal ta byggeherreansvaret: kommune, fylkeskommune, musea i Hordaland via kjøpt teneste eller anna.

Kven bør stå som eigar av bygget: kommune, fylkeskommune, musea i Hordaland via kjøpt teneste eller anna.

Korleis kan drift av fellesmagasinet organiserast? Kva driftsmodell vil vere tenleg?

Vurdering

Alver kommune er særleg høyringspart då to avdelingar av Museumssenteret i Hordaland ligg her: Lyngheisenteret og Vestnorsk utvandringssenter. I tillegg deltek Alver kommune i Kulturverntenesta, som ligg under Museumssenteret.

Kommunedirektøren vil rå til å ta utgangspunkt i ein modell tilsvarande som i Salhus i dag, der fylkeskommunen no er eigar av (eit mindre) fellesmagasin som Museumssenteret i Hordaland drifter. Dette er i tråd med tilrådinga i *Fullt hus*. Fellesmagasinet i Salhus var meint til å vere eit første steg, og er for lite for behovet ein har i regionen. Areala i Salhus inngår i utrekningar av behov når det gjeld storleik. Utgreiingane peiker til ei lokalisering av eit nytt og større fellesmagasin i Bergen kommune, i nærleiken av dei største konsoliderte musea. Liknande ordning er etablert i Førde dei siste åra.

Vidare vil kommunedirektøren tilrå og presisere eksisterande målsetjingar i *Kultur som drivkraft*.

Det har tidlegare vore ønskjer frå sogelagsfrivilligheita i Nordhordland om lokale magasin for å ta vare på eigne samlingar. Magasin er eit krevjande felt, som krev føreseieleighet, kompetansemiljø og økonomiske ressursar. *Kultur for drivkraft* tek utgangspunkt i at magasinsspørsmålet må løysast i ein større regional samanheng, i samarbeid med fylket og Museumssenteret i Hordaland. Det er likevel viktig at samlingar frå Alver kommune kan gjennomgåast og vurderast inn i eit nytt fellesmagasin. Museumsavdelingane i Alver

kommune tek heller ikkje mot materiale som er produsert og nytta her. Kulturarv frå Alver kan gå tapt utan at det er vurdert kva for verdiar ein har med å gjere.

Høyringssvar Alver kommune

1. Alver kommune rår til at Vestland fylke står som eigar og byggherre av eit nytt samlingssentrum og fellesmagasin, i tråd med tilrådinga under kap. 8.6 i *Fullt hus*.
2. Alver kommune rår til at Museumssenteret i Hordaland har driftsansvar for fellesmagasinet, etter driftsavtale med fylkeskommunen, i tråd med tilrådinga under kap. 8.6 i *Fullt hus*.
3. Alver kommune ber om at ein vurderer korleis sårbare fotosamlingar og immateriell kultur kan takast vare på i samband med eit nytt samlingssentrum.
4. Alver kommune vil peike på eigne planformuleringar knytt til samlingar som frivilligheita tek vare på, og mål om styrka samarbeid mellom offentlege og frivillige aktørar. Slike fokus vert òg reflektert i den regionale kulturplanen og i dei to utgreiingane. Alver kommune vil oppmode til at eit nytt samlingssentrum kan ta høgde for samlingar som ikkje ligg i musea i dag. Sogelagssamlingar og kommunale samlingar kan ha store verdiar, som ein overordna ikkje har god nok oversikt over eller som ikkje inngår på ein god nok måte i ei regional oversikt. Desse verdiane bør verte gjennomgått, der gjenstandar som skal takast vare på får sin plass i eit fellesmagasin. Dette står i tråd med tilrådinga under 8.6 i *Fullt hus*.
5. Alver kommune vil peike på at kulturarv frå vårt område ikkje er del av konsoliderte museum i dag, og at verdiar kan gå tapt. Eit samlingssentrum må ta høgde for gjenstandar frå vårt område.
6. Alver kommune ser ikkje å kunne bidra til finansiering av eit samlingssentrum.

Partar

Kommunane, Vestland fylkeskommune, dei konsoliderte musea, sogelagsfrivilligheita.

Alternativ

Det vert ikkje lagt fram alternativ, då høyringsuttalen peiker til dagens modell, gjeldande utgreiingar og gjeldande planverk for kultur i Alver kommune.

Økonomiske konsekvensar

Saka har ikkje økonomiske, miljømessige eller organisasjonsmessige konsekvensar

Risiko

Det er ikkje vurdert at det er risiko ved saka

Vurdering av særskilte grupper

Det er ikkje gjort vurdering av særskilte grupper

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til å vedta høyringsuttale slik den ligg føre i saka.

